

Båten og menneske

Å bygge ein snidbotna båt



Snidbotning – tradisjonsbåt i tre

Båten fortel historia om menneska som har budd her langs kysten, frå inst i fjordane til ytst på øyane. Båten var både havhest og folkevogn, og så lenge det har budd menneske i Møre og Romsdal, har sjøen vore livsnerven og utkomet. Fisket har – så langt vi kan sjå tilbake – vore den viktigaste næringa. Då seier det seg sjølv at å bygge dugelege båtar alltid har vore sett høgt. Slik også i dag.

«Båten og menneske» er kulturformidling der musea i Møre og Romsdal reiser ut til skulane og formidlar båtbygging og båtdesign. Vi ser på samspelet mellom menneskekroppen og utforminga av båten. Båten var tilpassa kroppen og kroppen var mål under båtbygginga.

Vi har med oss ein tradisjonell bruksbåt som har vore og er i bruk på Sunnmøre og i Romsdal – den snidbotna båten. Denne båten er under bygging, og elevane får delta og prøve ut ulike verktøy og teknikkar. Den snidbotna båten skil seg frå dei andre opne tradisjonelle bruksbåtane på norskekysten, både i konstruksjonen av skroget

og forma på seglet. Den snidbotna båten var innovativ og nyskapande båtdesign for 300 år sidan – akkurat som X-bow båtane frå Ulstein er det i dag.

«Båten og menneske» og læreplanar

Formidlinga dekkjer fleire kompetanse mål for 8 – 10 trinnet i faget Samfunnsfag, både under hovudområda historie, utforskaren og geografi. Vi skapar forteljingar om menneske i fortida og viser korleis livsvilkår og verdiar påverkar måten folk handlar på.

Med denne kulturformidlinga søker vi å gje elevane flere innfallsportar til å forstå tradisjonsbåten og handverket:

- * Estetisk – linjer og form
- * Samarbeid og dialog
- * Praktisk – byggje båt og bruk av tradisjonelt verktøy
- * Numerisk – tid, storlek, mengde
- * Logisk – viss... så...
- * Forteljande



Praktisk informasjon

«Båten og menneske» blir presentert og leia av ein båtbyggjar og ein formidlar frå musea i Møre og Romsdal.

Formidlinga tek 3 skuletimar. Vi har ei gruppe før lunsj og ei gruppe etter lunsj.

Gruppene kan maksimum ha 28 elevar.

Vi treng areal tilsvarende ein sløydsal eller gymsal eller eit anna stort rom utan pultar og stolar. Det må vere doble dører for å få utstyret inn! Den snidbotna båten er i autentisk storlek og materialar. I tillegg har vi med verktøy, tønner og anna utstyr.

Vi treng berehjelp når vi kjem til skulane.

